

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Sakshandsamar: Margareth Olin Leivdal

Telefon: 90665029

Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Vår referanse: 16/7878

Dykkar referanse:

Vår dato: 01.07.2016

Dykkar dato: 14.06.2016

Att:

UTTALE TIL SØKNAD OM UTVIDING AV ANLEGG FOR OPPDRETT AV LAKS OG AURE PÅ LOKALITET 13699 LEIRVIKA ENGESUND FISKEOPPDRETT AS I MASFJORDEN KOMMUNE HORDALAND

Saka gjeld

Vi viser til oversending av 14. juni 2016 fra Hordaland fylkeskommune med høyring av søknad om dispensasjon fra arealplan for utviding av anlegg i Masfjord kommune. Søkjar Engesund Fiskeoppdrett AS ynskjer ei auke av produksjon frå 780 tonn MTB til 1560 tomm MTB ved lokalitet 13699 Leirvika. Søknaden inneber ei auke til 4 stk. 160 metringar (diameter 50 meter) der kvar ring ligg i ei rammefortøyning på 100x100 meter på ei rekkje. Ein har noværande eit kompakt stålanlegg på lokaliteten.

Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

Ut frå vår kjennskap til fiskeriinteressene og det marine miljø i området, rår Fiskeridirektoratet region vest til at søknaden vert stetta.

Formål og planstatus

Formålet med søknaden er å utvide anlegget og flytte anlegget frå sørvest –nordauast i akvakulturområdet AK4 til å plassere anlegget i den søraustlege delen av AK4.

Avstand frå land vil verte om lag 250 meter. Det vert og søkt om produksjonsauke ved lokalitet 13699. Søkjar saman med fleire andre selskap har fått innvilga FoU for integrert produksjon av laks og tare «prosjekt tarelaks» og ynskjer på sikt å nytte lokalitet Leirvika i FoU prosjektet. Området er regulert til akvakultur.

I kommuneplanens arealdel (2012) og i føresegnene til arealplanen er det gjeve løyve til å legge fortøyningar og anker til akvakultur utanom området avsatt til akvakultur.

Fortøyinger mot sørvest strekkjer seg inn i gyteområde. I føresegne står det fylgjande: Tiltak som kan hindre gytesuksess skal ikke tillatast på eller i nærleiken av området. Søknader om tiltak /inngrep på eller i nærleiken av området skal leggjast fram for fiskeridirektøren. Sitat slutt.

Fiskeriinteresser i området

Gytfelt: Hope – Kvingevågen, torsk

Gytfelt: Nord av Kråka, lange

Passive redskapar: Kråka , lange

Låseplass: Elvikstøa

Arealbruk

Viktige område for kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet. I dette området vart fiskeridata sist oppdatert 2011 av Havforskningsinstituttet.

De kan finne kartfesta informasjon på vår heimeside www.fiskeridir.no. Vel Kartverktøy og Kystnære fiskeridata.

Vi har sendt søknaden over til Fiskarlaget vest for deira vurdering av søknaden. Grunna ferietid har vi oppfordra dei til å sende inn sin høyringsuttale direkte til fylkeskommunen.

Vår vurdering

Slik Fiskeridirektoratet ser saka er det ikkje grunnlag for konflikt med kjende fiskeinteresser i denne saka. Fortøyinger har i dag gått utanom området avsett til akvakultur utan at det har vore registrert brukskonflikter. Det er såleis liten grunn til å tru at det kjem til å bli konflikt ved ei utviding av lokaliteten innanfor same område.

Sjøbotnen på akvakulturområdet skrånar nedover mot sør og sørvest i nordaustre halvdel og mot sørvest i områdets sørvestre halvdel. Frå litt sør for midt i området og mot sørvest vert det djupare, og i denne delen går det frå 100 meter til 250 meter djup over ein avstand på 211 meter. (rapport straummåling og botngransking Leirvika, Rådgivende ingeniører 2012). Det vil såleis vere positivt for fiskehelsa å flytte anlegget mot søraust på området. Resipientkapasiteten vil vere god då den omsøkte endringa vil føre til skråande botn og med god vassutskifting i vassøyla.

Påverknad og effekt på det marine miljø

Vi har ansvar for å følgje opp akvakulturanlegg i driftsfasa, mellom anna anlegget sin påverknad på det marine miljø.

Fiskeridirektoratet er opptatt av at avlusingsmiddel som innehold kitinhemmarar vert nytta med varsemd. Særleg i område med verdfulle førekomstar av reke, kreps, krabbe og hummar.

Marint biologisk mangfald

Det finnast data frå kartlegging av marint biologisk mangfald i området. I denne samanheng har fiskerimyndighetene særleg merksemd for å ta vare på gyteområde for kysttorsk, ålegrasenger, og sikre at rike førekommstar av korall og svamp ikkje vert dekka til med slam. Ålegrasenger og korall- og svampbotn er viktige oppvekstområde for fisk. Det er ikkje registrert slike viktige område av verdi for vern av marint biologisk mangfald i nærlieken lokalitet Leirvika. Lokaliteten er etablert i eit lokalt viktig gyteområde for torsk sist registert av Havforskninga i 2011, men vår samla vurdering er at konfliktpotensialet til fiskeriinteressene likevel er lite.

Miljøtilstand

Engesund Fiskefarm AS har drifta lokaliteten sidan 2012. Miljøtilstanden under og i nærsoma til anlegget har vore passa på gjennom MOM undersøkingar (etter NS 9410) og det er blitt rapportert 2 stk. MOM B undersøkingar på lokaliteten til Fiskeridirektoratet. Begge viste miljøtilstand 1. Den fyrste MOM B vart utført før lokaliteten vart teken i bruk. Den andre MOM B vart teken under nær maks biomasse. Det har vore berre ein årsproduksjon ved lokaliteten så det er difor vanskelig å seie noko om kor stor belastning lokaliteten vil tolke over tid.

Vår vurdering

Resipientanalyse AS utførte siste MOM B undersøkinga, februar 2015. Den undersøkinga viste at det i nærsoma til lokaliteten vart belasta med tilførsel av organisk materiale frå oppdrettsanlegget ved enkelte punkt. Samla sett fikk MOM B likevel miljøtilstand 1. Selskapet tilrådde i rapporten frå 2015 at det vart teke ei ny MOM B underøkelse om ca. 2 år (2017) ved ny foringstopp. Dei tilrådde vidare at det vart utført ei MOM C undersøking og nye straummålingar av spreiing og botnlaget, samt ei modellering av berelevna ved ei eventuell utviding av lokaliteten.

Fiskeridirektoratet region vest si vurdering om plikt til konsekvensutgreiing av søknad om lokalitet 13699 Leirvika i Masfjorden kommune.

I følgje Forskrift om konsekvensutgreiing FOR 2009-06-26 nr. 855 §3 e) skal større akvakulturanlegg handsamast etter forskrifta sitt kapittel III, dersom dei kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf kriteria i § 4. Fiskeridirektoratet region vest har vurdert søknaden etter kriteria i § 4 og finn ikkje grunn til å krevje ei konsekvensutgreiing i høve til ansvarsområdet som vi forvaltar.

Sidan siste MOM B var tatt i 2015 og denne fikk samla vurdering til miljøtilstand 1, vil ikkje Fiskeridirektoratet krevje ny MOM B ved denne søknaden. Rådgjevande Biologar AS i sin rapport av 2016 viser til at botnforholda under ny lokalisering av anlegget vil vere tilsvarande eller betre en dei noværande tilhøva på same akvakulturområde AK4.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Margareth Olin Leivdal
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

A large, light gray watermark or logo is centered on the page. It consists of three stylized letters: 'L' on the left, 'P' in the middle, and 'K' on the right. The letters are interconnected and have a modern, geometric design.

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Kystverket Vest
Masfjorden Kommune
Mattilsynet

Postboks 7310
Postboks 1502
Postboks 23
Postboks 383

5020
6025
5981
2381

BERGEN
ÅLESUND
MASFJORDNES
BRUMUNDAL

Vedlegg

Fiskeriinteresser Leirvika